



Jobbnorge-ID: 222673
Søknadsfrist: 30.03.2022
Nettside: <http://hivolda.no>
Omfang: Heiltid
Varighet: Fast

Høgskulelektor i design, kunst og handverk retta mot bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet

Om stillinga

Ved Høgskulen i Volda, Avdeling for kulturfag, er det ledig 100% fast stilling som høgskulelektor i design, kunst og handverk retta mot bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA-aktivitet).

Dersom det ikkje melder seg søkar som innfrir krava til tilsetjing som høgskulelektor, vil det vere aktuelt å tilsetje ein høgskulelærer som kan dokumentere opptak og normert progresjon på ei relevant mastergrad.

Kvalifikasjonar

For tilsetjing som høgskulelektor må søkjaren ha lærarutdanning og mastergrad i design, kunst og handverk. Vi viser elles til krava i [Forskrift om ansettelse og opprykk i undervisnings- og forskerstillinger](#).

Personen vi søker må ha:

- relevant undervisningserfaring frå grunnskule og vidaregåande opplæring
- fagkompetanse (digital, teknisk, fagdidaktisk og pedagogisk) knytt til skaparverkstad/makerspace med relevans for skuleverket og næringslivet
- dokumentert erfaring med nettbasert/digital undervisning og rettleiing
- nyare og relevant undervisningserfaring innan etter- og vidareutdanning frå høgare utdanning, gjerne Kunnskap for kvalitet (Kfk)

Personen vi søker bør ha:

- fagkompetanse innan harde- og plastiske materiale
- erfaring med relevant tverrfagleg samarbeid
- Søkjaren må ha gode norsk- og engelskkunnskapar, både skriftleg og munnleg. Undervisnings- og administrasjonsspråket ved høgskulen er norsk. Dagleg arbeidsstad er Høgskulen i Volda.

Vi søker etter ein person med gode samarbeids- og kommunikasjonsevner, for å sikre best mogleg studiekvalitet. Difor legg vi stor vekt på fleksibilitet og engasjement, og evne til å ta initiativ og arbeide sjølvstendig.

Arbeidsfelt

Arbeidsoppgåver for den utlyste stillinga er undervisning og forskning- og utviklingsarbeid for BOA-portefølja ved Institutt for design, kunst og handverk. Personen vi søker etter skal ha ei aktiv rolle i å vidareutvikle etter- og vidareutdanningstilbod mot grunn- og vidaregåande skule, og samarbeide med private og offentlege aktørar.

Vi tilbyr

HVO tilbyr varierte arbeidsoppgåver i ei stor, spanande og samfunns viktig verksemd.

Avdelinga har eit inkluderande og godt fagleg arbeidsfellesskap, der det er høve til fagleg og personleg utvikling.

Høgskulen i Volda har gode vilkår for forskning, og det finst fleire aktive forskargrupper på ulike fagfelt, meir informasjon om desse finn du [her](#).

Stillinga er løna etter kompetanse og kvalifikasjonar i statens lønsregulativ med normal årsløn i desse stillingskodene ved Høgskulen i Volda, Høgskulelektor kr. 516 100,- - kr. 677 600,- /Høgskulelærer kr. 483 700,- - kr. 574 700,-.

Generell informasjon

Ved Høgskulen i Volda er vi opptatt av mangfald. Medarbeidarar med ulik livserfaring vil gjere oss i stand til å finne gode løysingar på arbeidet vårt. Vi oppmodar difor alle til å søke stillinga utan omsyn til alder, kjønn, funksjonsevne eller etnisk bakgrunn. Du er også velkommen til å søke sjølv om du ikkje kan vise til ei samanhengande yrkeskarriere. Lokala er universelt utforma, og vi legg tilhøva til rette for personar med nedsett funksjonsevne.

Dersom du har nedsett funksjonsevne, innvandrarakgrunn eller hol i CV, kan du bli positivt særbehandla om du kryssar av for dette når du søker stillinga. Vi vil invitere minst ein kvalifisert søkar i kvar av desse gruppene til intervju. For å bli positivt særbehandla på denne måten, må du oppfylle visse krav. Les meir om dette på [arbeidsgiverportalen](#).

Tilsetjing skjer på dei vilkåra som følgjer av lov om offentlege tenestemenn, regulativ, reglement og instruksar som til ei kvar tid gjeld for stillinga, mellom anna lovfesta innskot i Statens pensjonskasse.

Aktuelle kandidatar vert innkalla til intervju. Søkarar som vert kalla inn til intervju, må ta med originalar av vitnemål og attestar for å dokumentere dei elektronisk innsende vedlegga.

Om søknaden

Alle som søker stillinga må søke digitalt gjennom rekrutteringsportalen Jobbnorge. Du må laste opp relevante vitnemål og attestar. Vi gjer merksam på at søknaden blir vurdert ut frå informasjon som ligg føre ved utløp av søknadsfristen.

Det er viktig at du viser korleis din kompetanse fyller kriteria for stillinga.

Offentleg søkarliste blir utarbeidd etter at søknadsfristen er ute. Dersom du ønsker å reservere deg frå oppføring på offentlig søkarliste, må dette grunnjevast i Jobbnorge. Du vil bli varsla om reservasjon ikkje blir tatt til følge.

Følgjande dokument/filer skal leggjast ved den elektroniske søknaden:

- Vitnemål og attestar, samla i ei fil
- CV
- Masteroppgåve (ev. dokumentasjon på opptak og normert progresjon på relevant masterprogram)
- Vitskapelege arbeid

Dei faglege kvalifikasjonane til søkjarane vert vurderte av eit sakkunnig utval.

Kontakt

Nærare opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til instituttleiar Sissel Midtliid sissel.midtliid@hivolda.no, eller dekan Unni Hagen unni.hagen@hivolda.no

Om instituttet

Institutt for design, kunst og handverk tilbyr bachelorgradstudium og årsstudium i kunst og handverk. Instituttet driv også emne i grunnskule- og barnehagelærarutdanningane, praktisk-pedagogisk utdanning, samt vidareutdanning og kursing for lærarar. Instituttet har 8 ulike verkstadar som er døgnopne, alt frå proff maskinpark i sløydverkstaden til godt utstyrt leire- og tekstilverkstad. I hjartet av alle verkstadane har vi ein topp moderne skaparverkstad/makerspace med alt frå 3d-printar og laserkuttar til teiknebrett med ny digital programvare.

Om avdelinga

Avdeling for kulturfag (AKF) har om lag 46 tilsette, av dei 40 i fagstilling, og tilbyr forskingsbaserte studier i mellom anna design, kunst og handverk, friluftsliv og naturguide, idrett og kroppsøving, musikk og teater/drama. Dei praktiske og estetiske faga tilbys også for lærarstudentar i første syklus i integrert Master i grunnskulelærarutdanning 1-7 og 5-10, Barnehagelærarutdanning, Praktisk, pedagogisk utdanning. AKF er vertskap for Seanse - senter for kunstproduksjon, som tilbyr kunstnaropphald på campus, med det formål å sikre betre kunstproduksjonar for og med barn og unge gjennom Den kulturelle skolesekken. Avdelinga jobbar med å få akkreditert eit eige masterprogram retta inn mot kulturfagleg praksis.

Studiebygda Volda

Midt mellom fjord og fjell på spektakulære Sunnmøre finn du Høgskulen i Volda, med sine lange tradisjonar.

Les meir på www.hivolda.no

Video: <https://www.youtube.com/watch?v=wSIL1WkuUXc>

Om Høgskulen i Volda

Høgskulen i Volda er høgskulen for humaniora og samfunnsvitskap i Møre og Romsdal. Vi er ein spennande kompetanseorganisasjon i vekst med om lag 4500 studentar og 380 tilsette. Vi gjev undervisning i ei rekkje fagområde, yrkesretta utdanningar og etter- og vidareutdanningar i nært samarbeid med samfunns- og næringsliv. Høgskulen i Volda driv mykje forskning og utviklingsarbeid og satsar på forskaropplæring og kompetanseoppbygging for dei tilsette i samarbeid med universitet i inn- og utland.

Tilleggsinformasjon

Arbeidsstad:

Volda 6103 Volda (Volda Kommune)